

## GJENNOM «ERGEN» TIL BOU AZZER



*Bou Azzer gruvelandsby i ørkenlandskap*

*Tekst og foto Torgeir Garmo*

Brått var det slutt. Midt inne i ørknen, omlag 25 km frå næraste busetnad. Ikkje eit hus å sjå, ikkje ein palmelund i den breie viddedalen. Berre nokre få turre busker med blad som lær og torner som stakk ubehageleg før du kom skikkeleg inntil dei!

Vi hadde brote oss opp altfor tidleg på morgonen og ete ein trist, kontinental frukost på hotellet med det flotte namnet Den gyldne Gazelle. Nå hadde forgyllinga falle av i store flak, og det var berre ei fransk gruppe med fjellklatrar med dårleg råd som budde der forutan oss. Vi var i stor tvil om det var kaffe eller te vi hadde fått i koppen, men problemet løyste seg da kelneren kom inn att og lurte på om vi ville ha meir sjokolade

I alle fall: Med innfødd vegvisar i bilen gjekk det greitt å finne vegen ut av Ouarza-zate og austover mot Zagora sjølv om vi ikkje kunne lesa ein bokstav på dei arabiske skilta. Det kunne forsåvidt ikkje Hcine heller fordi han er analfabet, men han hadde vore her før.

Vegen klatra opp til eit lite, nake platå med forvridde fjellformer i det fjerne før han bikka utfor kanten mot Draa-dalen i lange, slake kurver. Utruleg vakert var det her, eit landskap i pastellbrunt og oker med spreidde palmelundar kantsett av firkanta leirhus som gleid i eitt med dei avrunda åsane bak.

Utanfor storbyane kan ikkje trafikken seiast å plåge deg stort i Marokko: Ein og annan eksos-spyande lastebilen med nokre inntulla sjeler bakpå, forutan alle dei som har fått klemt seg inn i forarhuset. Og så alle dei blå drosjene som kryp sakte opp motbakkane

på slitne låg-gir før dei triumferande kastar seg i vanvittig fart utfor skråningane på andre sida. Derfor foregår mykje av forflytninga til fots, dersom du ikkje greier å stanse ein av dei få turistbilane og få haik til familien i næraste landsby.

«Nei, nei!» ropar Hcine høgt og skingrande, «du må ikkje stanse!» Men det er for seint alt. Alternativet var å køyre den blåkledde kroppen ned. Og du køyrer ikkje ned Saharas blåkledde tuaregar, til det er det altfor få att av dei. Denne hadde stilt seg opp midt i vegbana og ville vera med. Bak nesten opprulla vindauga diskuterer Hcine med han. «Køyr!» ropar han plutselig, og vi spinn åt. «Han hadde berre kledd seg i blått for å lure dykk med til landsbyen sin for å selja teppe,» forklarar Hcine. Altså ein spesielt utkroppen og ny måte å kapre kundar på .....

Frå Agdz syner kartet vårt ein prikkas grusveg, ein «piste» til Bou Azzer og inn på hovudvegen att i Tazenakht 80 km lenger vest. «Heilt Ok å køyre, ypperleg piste, også for småbilar,» forsikra mannen i resepsjonen som prata omtrent like dårleg fransk som eg sjølv. Så da, så....

Men her tek ein brei, ny asfaltveg av! Utan skilt, riknignok, men dei er det ikkje plågsamt mange av i Marokko, likevel. Med breie skuldre peikar han rett inn i aude-marka, sågar i rett retning! Undrenes tid er ikkje forbi, denne vegen hadde vi heilt for oss sjølve! Ikkje eit hus eller ein bil i sikte.

I knapt 20 km held underet fram. Snorrett, ny asfaltveg gjennom steinørknen, det som dei innfødde kallar «erg» i den nordvestlege snippen av Sahara. Så, brått var det slutt, utan eit skilt, sjølvsgatt!

Hcine var ute og rekognoserte. «Heilt Ok piste,» forsikra han, og peikte ut eit steinete bekkjefar som bukta seg rundt ein rande og forsvant i det fjerne. Men det finst inkje bekkjefar i Sahara, så dette måtte vera vegen vår gjennom Tamsift-dalen dei neste fire milene.

Det er landsbyar innover her, eller rettare sagt var. Fleire stadar er det små oaser med høge, fleire hundre år gamle daddelpalmer. Men blada er blakke og grå, og fleire av palmene har velta. «Turka,» seier Hcine, «det kjem ikkje regn eingong i Anti-Atlas fjella, og kjeldene tørkar opp. Her har folk budd sia steinal-

deren, nå er det slutt! Men det er ypperleg her for oss som skal leite etter stein, for det finst ingen vegetasjon til å dekkje han!»

«Jamen godt bilutleigaren ikkje ser dette kameltrakket her,» slår Frøydis fast, «det stod visst noko med små skrift på baksida om at vi skulle halde oss til asfaltveggar. Men det kan ikkje vera langt att til Bou Azzer heller, for tek eg ikkje mykje feil ser det ut som eit gammalt skjerp med grøn tippaug oppe i dalen der!»

Brått er det gamle tippar over alt, det kriblar i hammarskaftet til ein gamal steinsamlar og blir tungt å køyre vidare. Og så, rundt ein sving er asfaltvegen der att, til og med skilt med Bou Azzer i eine retninga og Aghbar i andre.

Bou Azzer er ei av verdas største koboltforekomster og har vore drivi periodevis i bortimot hundre år. Utover i det vegetasjonslause ørkenlandskapet ragar




*Landskap ved Bou Azzer der landskapet er prega av store foldingar.*

duzinvis av intrusive serpentinittkupper opp i dei merkelegaste former over dei til dels sterkt folda sedimentlaga. Malmføringa av kobolt, nikkell og litt gull er serleg knytt til kvarts- og karbonat-gangar. Sølvblanke skutteruditt-krystallar finst i vakre pentagondodekaeder opp til 3cm, og i dei druserike karbonatgangane i oksidasjonsona er erythrin, rose-litt og talmesitt vanlege i flotte, sjokkrosa krystallblomster.

Ikkje rart at mineralstuffar frå Bou Azzer rakar opp blant dei mest etterspurde i heile mineralverda, og prisane på dei beste når lett firesifra dollartal. Tallausede tipp- h a u g a r spreidde ut- over i bortimot 30 km lengderetning fortel om god von og rikeleg med sprengstoff.

For tida driv eit sveitsisk gruveselskap moderne, rasjonell drift på tre ulike forekomster. Så seint som i fjor vart det i det store



*Ut på steintur med Hcine i spissen*



*Bou Azzer, mineralkjøp i halvmørket.*



*Steinbua til guiden vår, Hcine (i raud skjorte).*



dagbrotet Aghbar gjort eit kjempefunn av gjenomskinlege, sjokkrosa krystallar av eit nytt mineral som fekk namnet Wend-wilsonitt Dette gjorde ikkje interessa mindre, og dei innfødde arbeidarane fekk fylgjeleg forbod mot all innsamling og salg av mineral. I tillegg er det vel knapt naudsynt å nemne at samlarar **ikkje** er velkomne i dei aktive gruvene.


Det var derfor utan dei altfor store vonene vi nærma oss Bou Azzer: Var det i heile teki råd å få kjøpt noko her?

Vi trongde ikkje vente lengje. Vi hadde knapt fått augo på gruvetårnet og køyrde sakte inn mot dei fyrste leirhyttene før ungane hadde oppdaga oss og kom viftande med raude krystallar. Dei greidde å forsinke oss akkurat lengje nok til at far sjølv kom byksande opp til veggen med ei stor gruppe klare kvartskrystallar. Sikkert berre for å «villeie fienden,» for eg er ikkje eingong sikker på at kvartsen var lokal, men denne kunne ingen nekte dei å selja. Og så snart han hadde fått kontakt med oss og funne ut at vi var ufarlege steinsamlarar og ikkje hørde til i gruveselskapet, vart vi vinka med over mot eitt av husa i den ørvesle landsbyen. Slepte inn gjennom ei vel låst dør kom folk med stein i bylter og kartongar frå alle retningar: Vi var igang med akkederinga.

For folk som lever for ti kroner dagen var prisane utruleg stive, og serleg på større stuffar. «Altfor dyrt,» slo Hcine fast, «dette må vera inkludert risikotillegg og turist-moms!» «I alle fall er dei rimelegare i Munchen,» slo Frøydis fast, og vi måtte ty til gamle triks: gjera oss istand til å gå.

Det hjelpte! Etter eit dramatiisk prisfall kunne vi tulle nye godbitar inn i velbrukt avisapapir og fomle mot døra. «Det kunne vore billigare,» mumla Hcine, «next time, let me try!»

«Next time,» svarde eg, skal vi koma att med telt og rusle over gamle tippar sjølve!



*Foto av minerala som Torgeir skaffa seg i Marokko er ikkje klare nett. Nokre foto av stuffar som ein god ven i Marokko, Francois Martinico, sende meg for mange år sida får gjere nytta (nemnd ovanfrå og ned spaltevis): Ametyst, aragonitt, erytrin, barytt, azuritt, barytt, kalsitt, barytt, fossil, kalsitt, wulfenitt.*

*Ei lita røynsle i samband med desse. Skrifta på merkelappane er no nesten heilt borte. Men på den eine kalsitten kan Bou Azzer tydast.*

ghw

